



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 13.09.2022
Møtestad: Hjartebaken
Møtetid: 17:15 - 19:00

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

Møtedeltakarar vara	Parti
Einar Villanger	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Hans Erik Waage	Ap

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Berit Karin Rystad, Bjarte Villanger, Kristin Handeland

Sakliste

Saknr	Tittel
064/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
065/22	Godkjenning av møtebok
066/22	Referatsaker
067/22	Delegerte saker
068/22	Klage på pendlartilskot for 2022
069/22	Søknad om tilskot til fiskefestival
070/22	Oppretting av ungdomsklubb i kommunal regi på Fedje
071/22	Søknad om pilotprosjekt Bygdevekstvtale
073/22	Landsbykafeen AS søker om fast skjenkeløyve for Pernillekafeen
074/22	Lokale forhandlingar 2022, ramme og føringar
072/22	Etablering av helsefellesskap - Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1
075/22	Eventuelt

064/22: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak **064/22 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

065/22: Godkjenning av møtebok

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak **065/22 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

066/22: Referatsaker

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak **066/22 Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes.

067/22: Delegerte saker

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak 067/22 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

068/22: Klage på pendlartilskot for 2022

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak 068/22 Vedtak:

Formannskapet avviser klage på pendlartilskot. Søknad kom for seint inn.

Samrøystes vedtek.

069/22: Søknad om tilskot til fiskefestival

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

Kamilla B. Karlsen ber formannskapet vurdere gildskapen sin, at mannen hennar Martin Karlsen er medlem i Fedje idrettslag sitt styre. Kamilla B Karlsen forlot møte under handsaminga av gildskapen sin. Formannskapet vetok at Kamilla B Karlsen ikkje er ugild i saka. Samrøystes vedteke.

F - sak 069/22 Vedtak:

Fedje formannskap tildeler Fedje Idrettslag kr. 7 000 til fiskefestivalen som vart halde 7. juni. Samrøystes vedteke.

070/22: Oppretting av ungdomsklubb i kommunal regi på Fedje

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak 070/22 Vedtak:

Formannskapet løyver 60 000,- til å pusse opp dei gamle lokalene til kulturskolen og etablere kommunal ungdomsklubb. Kostnadane ligg ikkje inne i budsjett for 2022. Kommunedirektøren ber difor om at utgiftene dekkast av fond.

Samrøystes vedteke.

071/22: Søknad om pilotprosjekt Bygdevekstavtale

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak 071/22 Vedtak:

Fedje kommune søker om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavtale. Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å arbeide fram ein fullstendig søknad frå Fedje kommune åleine eller i fellesskap med andre øykommunar.

Samrøystes vedteke.

073/22: Landsbykafeen AS søker om fast skjenkeløyve for Pernillekafeen

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak 073/22 Vedtak:

Landsbykafeen As får skjenkeløyve for lokale i 1. etg. Muren 4, Pernille, frå 01.10.2022 til 30.09.2024.

Løyve har fyljande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 0800 – 0200. Sundag og helgedagar klokka 1200 -0200. Skjenketid for alkoholgruppe III er klokka 1300 til 0200 alle dagar.

Skjenkestaden skal ha fast meny eller à la carte-meny.

Styrar for løyvet er Andreas Hagen, avløyser er Sue Janne Alsaker.

Samrøystes vedteke.

074/22: Lokale forhandlingar 2022, ramme og føringar

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

Ordførar Stian Herøy fremja forslag om at møtet skulle lukkast etter §offentlegheitslova § 23, 1.ledd.

Samrøystes vedteke.

F - sak 074/22 Vedtak:

Kommunedirektøren ber formannskapet om økonomiske rammer for forhandlingane i kap.3 og kap.5. Summen kommunedirektøren har fått frå formannskapet er unnateke offentlegheit fram til forhandlingane er ferdig - og godtkjent i formannskapet. Sjølve handsaminga av saka vart lukka etter offentlegheitslova § 23, 1.ledd.

Samrøystes vedteke.

072/22: Etablering av helsefellesskap - Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

F - sak 072/22 Vedtak:

Fedje kommune sluttar seg til framlegg til revidert *Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstrukturar og samarbeidsformer i helsefellesskapet. Samrøystes vedteke*

075/22: Eventuelt

Formannskapet 13.09.2022

Behandling:

Spørsmål frå Kamilla B. Karlsen, AP

Ein kan lesa at det ikkje skal tilsettast nokon i den 100% faste økonomimedarbeidarstillinga som vart lysa ut før sommaren. Kva er bakgrunnen for dette? Korleis skal kommunen klare å løyse alle oppgåvene som ligg under økonomi?

Svar frå Ordførar Stian Herøy H

Det var tre søkjarar og ingen som hadde relevant kompetanse og/eller erfaring. Vi vil løyse det ved å kjøpe inn tenester hjå VISMA til mellom anna kjøring av løn. Det vil bli tatt kontakt med nabokommune for å kunne kjøpe tenester av dei.

Spørsmål frå Kamilla B. Karlsen, AP

Drop in er eit godt etablert tilbod i Fedje kommune som ligg under psykisk helse. Dette er kanskje det einaste tilbodet kommunen har for born frå 4. til 7.klasse. Med så mange potensielle brukarar av tilbodet, kvifor har ikkje dette starta opp att etter sommarferien? Kva er bakgrunnen for at akkurat dette tilbodet har vorte kutta?

Svar frå Ordførar Stian Herøy H

Grunnen til at det ikkje vart starta opp att i haust er at vi ikkje har hatt bemanning til dette. 20% tilhøyrande fysioterapeut stillinga ligg under psykisk helse, og me har tidlegare brukt nokre av desse timane til fysio på drop-in. Sidan det ikkje har vort tilsett i stillinga etter sommaren har me ikkje hatt

denne ressursen. Det er og bestemt at nyttilsett fysio som skal vere vikar i 1 år, ikkje skal vere i psykisk helse. Me har sett på andre løysningar for å klare å starte opp tilbodet att. Vi vil bruke noko av den ressursen som vi tok frå servicekontoret til ungdomsklubben (40%) til å starte opp Drop in frå klokka 12.45-15.15 frå neste tysdag 20.09.22.

Kommunedirektør Berit Rystad orienterte om fyljande saker:

- Utgift for Forskarfabrikken i sommar
- Prolongering av opsjonsavtale
- Auke budsjett barnehage
- SIVA søknad
- Regional plan for sjøareal
- Vedtak fyrst?
- Informasjon om personal tilhøva i administrasjonen, møtet var lukka under informasjonen.

F - sak 075/22 Vedtak:

Det vert ikkje fatta vedtak under eventuelt.
